

JOKER STAMNES REKNESKAP STAMNES SJØLVBETJENT

# Overskot for Stamnes Handel i fjor



PLUSS: Det vart overskot for Jokerbutikken på Stamnes i fjor. Foto: Jan-Egil Dyvik

Av [Jan-Egil Dyvik](#)

Publisert:  
14.06.24 05:40

Del

Driftsinntektene for Stamnes Handel AS på Jokerbutikken auka med rundt ein halv million kroner i 2023.

For abonnentar

Det gav eit driftsresultat på 135.000 kr i pluss, tilsvarande tal i 2022 var minus vel 42.000 kr.

## Fornøgde med resultatet

- Ja, dette er me fornøgde med sjølvsagt, me har klart å snu eit underskot til eit overskot, og det er mellom anna oppslutninga kring butikken å takka, seier styreleiar i Stamnes Handel AS, Kenneth Vik.

Måndag i veka som kjem er det årsmøte, og her vil det verta orientert nærare både om sjølve butikkdrifta og om den sjølvbetjente butikken, går det fram av innkallinga.

Resultatet for 2023, fråtrekt finansinntekter/utgifter og skattekostnad, er litt over 100.000 kr, som vert det ordinære resultatet for butikken på Hedlo. Driftsinntektene frå varesal enda på 11,6 mill. kr, mot 11,1 året før.



**LES OGSÅ**

## **Ikkje lenge til sjølvbetjent butikk på Stamnes**

### **Snart delvis sjølvbetjent**

Det meste av utstyret for å gjera butikken delvis ubetjent, det vil seia at kundar via bankkortet sitt kan koma seg inn og handla utanom ordinær opningstid, e på plass. Det har vore litt utfordringar med levering av utstyr til den sjølvbetjente løysinga, men styreleiaren håpar å koma i gang i løpet av juli.

ANNONSE

- Det er viktig for oss å verta meir konkurransedyktige samanlikna med butikkane på Dale og andre butikkar i regionen. Det gjer at me vert ein meir levedyktig lokalbutikk. Med utvida opningstider og meir tilgjengeleg handel, vil folk få høve til å handla meir. Dette vil bidra til eit godt servicetilbod for Stamnes generelt, sa styreleiar Vik til VP for godt og vel eit år sidan. Og no er målet om ein meiropen butikk like om hjørna, seier han i ein kommentar.

Les meir om: [Joker Stamnes](#) [Rekneskap](#) [Stamnes](#) [Sjølvbetjent](#)

Se kommentarer

Fleire saker